

## Uttale vedkomande samanslåing av RFU og eldrerådet

RFU ønsker å gi sin uttale vedkomande samanslåinga av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet. Vi er kritiske til den prosessen det har vore i forkant av kommunestyrevedtaket. Det kan mest verke som det har vore forsøkt kamuflert i.o.m det ikkje vart sett opp som sak i dei påfølgande rådsmøta etter budsjettframlegg. Dokumentet om samanslåing ligg ikkje lett tilgjengeleg, det krev kjennskap til plassering å kunne finne fram til dette. Ja, budsjettforslaget til kommunedirektøren har vore orientert om, og formanskapets budsjettframlegg har vore på høyring. Men denne saka burde vore belyst og framlagt i møta til både rfu og eldrerådet.

RFU representerer ei gruppe som sjeldan vert høyrte. Ei gruppe som ikkje ropar høgast og krever sin plass. Vi lurar på korleis ein skal greie å ivareta denne gruppa si interesse i ei eventuell samanslåing?

Det er skrive at brukarane skal verte representert i eit fellesråd. Dette er vi sterkt i mot. Vår gruppe spenn frå 0-100 i alder og er ei svært samansett gruppe. Det er viktig at denne gruppa har eit eige råd som ser den breie problemstillinga. Mennesker med nedsatt funksjonsevne skal etter FN sine menneskerettar verte høyrde på lik linje med alle andre i samfunnet. Å slå saman råda kan føre til at denne gruppa si stemme vert svakare.

Det er i saka lagt fram att ein vil spare 32 tusen med å slå ihop råda, men basert på aktiviteten til råda dei siste åra finn vi denne summen kunstig høg. Det er elles vedtatt å redusere møtegodtgjersle med 1/3. Noko som det ikkje er tatt høgde for i besparelsen.

Dette er desverre berre trist og lite demokrativennleg. Rett og slett eit stort steg i feil retning!

Er det då verkeleg verdt å kvele stemma ytterlegare til den gruppa rådet representerar?

#### **§ 4.Felles råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse**

*Kommunen eller fylkeskommunen kan opprette ett felles råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse dersom det ut i fra lokale forhold er nødvendig.*

*Organisasjoner for eldre, organisasjoner for personer med funksjonsnedsettelse og etablerte råd for eldre og for personer med funksjonsnedsettelse i kommunen eller fylket, skal bli hørt før kommunestyret eller fylkestinget avgjør om det skal opprettes ett felles råd.*

Helsing

Leiar, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Joachim Moldskred